

Tips til leseaksjonen

- **Lage leselister over kva som blir lest på trinnet**
- **Elevar skal fortelja om boka si til tre ulike personar i staden for å skriva bokmelding**
- **Elevar spør vaksne (på skulen og heime) kva dei les.** Lage liste.
- **Arrangere bokbad om ei bok**
- **Lage utstilling med teikningar inspirert av leseopplevelingar**
- **Lage topp 3 liste**
- **Anbefale bøker**
- **Lesesirkel** Elevane deler positive leseopplevelingar.
- **Lesebingo** Elevane skal lese på ulike måtar og krysse av på eit bingobrett. Eks les til eit kosedyr, les ei matoppskrift, les høgt med morosam stemme, les med pyjamassen på, les med lommelykt.
- **Teikne hovudpersonen i ei bok**
- **Finn ein som** Elevane får eit oppgåveark og skal finna nokon som nyleg har lese ei skummel bok, ei faktabok om dyr, ei lang bok, ei morosam bok, ei gul bok osb.
- **Bibliotekdetektiv** Elevane får eit oppgåveark og skal leite etter ulike bøker på biblioteket. Eks faktabok, bok om sport, bok om vikingar, ny bok, teikneserie, skummel bok, handlar om frosk, handlar om superhelt, er på over 200 sider osb.
- **Bokveggen** Oppslag på vegg i klasserommet der elevane skriv tittelen på bøker dei har lese. Etter kvart kjem det mange lesetips på veggen.
- **Bondesjakk-lesing** Elevane får eit ark med rutenett 3x3. Når dei har lese ei bok skal dei velja oppgåver og krysse av. Har fullført når tre på rad er kryssa av. Eks til oppgåver: Skriv tre setningar om boka. Skriv 10 nøkkelord som oppsummerer boka. Teikn ei alternativ framside. Gje boka terningkast og forklar kvifor. Lag eit bokmerke der du teiknar noko frå boka.
- **Forfattarstolen** Elevar melder seg til å sitja der og dei andre elevane stiller spørsmål om boka.
- **Dikt vidare på historien**
- **Trill og les** 1.les ei side kvar med læringsven, 2.les ei side kvar med skummel stemme, 3.les ei side kvar med robotstemme, 4.les ei side kvar med munter stemme, 5.les ei side kvar med dyrestemme, 6.les ei side kvar med vanlig stemme.
- **Bokklubb** Lage ulike bokklubbar på trinnet utfrå interesser. Lese bøker og samtale om bøkene.